

Norges vassdrags og energidirektorat

Høyringsfråsegn til saksnummer 200904123 Hareima kraftverk.

Som nabo til og med utsikt frå stua/altanen min til fossefallet Hareima ønsker eg at mi røyst skal bli høyrte i handsaminga av Tinfos sin søknad om konsesjon til kraftverkbygging.

Visuelt: Bilde 1- 6 i vedlegg 7 i konsesjonssøknaden viser den fantastiske fossen og årstidsvariasjonane me ser frå huset vårt slik fossen er i dag utan inngrep. Den ville naturen er typisk også noko som blir påpeika og beundra av besøkande. I tillegg til å ha privat stor glede av denne utsikten er fossen synleg frå riksveg 70 og er med dette eit av landemerka me har i Sunndal kommune. Det er allereie regulert ei rekke fossar i kommunen og eg ser det som særskild viktig å kunna ta vare på dei store synlege fossar me har igjen som del av vår identitet. Sunndal vill og vakker er eit slagord mange av oss som bur her ønsker skal gjelda også i framtida. Innvilging av konsesjonssøknaden om utbygging av Hareima vil gi eit redusert visuelt inntrykk av Sunndalsnatur for fastbuande og besøkande.

Sunndal som attraktivt leveområde: Sjølv er eg innflyttar til kommunen og nærleik til vill natur er det som hos meg skapte interesse for staden og som er ein tungtvegande grunn til at eg har blitt verande her. Min aller første tur etter at eg kom hit i 2001 var opp i Haremdalen og vidare inn i fjellområda i området. Eg blei fasinert av den vakre fossen og har seinare hatt mange turar i området. I Sunndal har me verna natur i relativ kort avstand i Dovrefjell Sunndalsfjella nasjonalpark, men det eg særleg vil trekka fram i høyringa er at me i området her har vill natur svært nært tilgjengeleg. Området rundt Hareima kan ein frå Sunndalsøra sentrum greitt nå for ein ettermiddagstur med sykkel som transportmiddel til turstart. Dette er viktig for bulyst og utbygging av Hareima vil forringa området ved at naturen blir mindre vill.

Friluftsliv og rekreasjon: Det er stor trafikk av gåande, syklande og utøvarar på rulleski forbi huset vårt i Øyavegen. Alle desse ser Hareima på sine turar og i tillegg til at det er ein relativt lite trafikkert veg er eg sikker på at utsikten gjer denne vegen attraktiv. I området rundt Hareima er turen opp til Haremdalen mykje brukt, vandring i vill natur utan inngrep er ein viktig del av opplevinga. Denne turen leier også opp mot Storkalken, turen som er Nord-Europas lengste oppoverbakke, og turen til Haremdalen er utgangspunktet til ei rekke andre turmål som Litlkalken og Hårstadnebb. Som nemnt kan start for desse turane nås med sykkel frå sentrum og med ville Hareima er ein i vill natur kort tid etter ein har forlatt bilveg (Hovenvegen). Ein av grunneigarane i området har nå også lagt til rette for ein kortare tur i området: Tytinghaugen. Som småbarnsmor kan eg ta med dotter mi på 3 år til dette

turmålet ein ettermiddag. Det var registrert 1967 besøkande på dette turmålet mellom 21.01.14 og 09.06.14. Med informasjonen om innbyggertalet på 7200 i Sunndal kommune i bakhovudet dokumenterer dette at området rundt Hareima er eit populært og godt besøkt turområde. I starten og på toppen av denne turen har me utsikt til Hareima og ei reduksjon av fossen som ei utbygging vil medføra vil også forringa denne naturopplevinga.

I dag blir området rundt Hareima brukta av mange lokale innbyggerar i Sunndal og er eit viktig område for lokalbefolkninga. I tillegg er det med på å gjera Sunndal attraktivt som turismål. Friluftslivet vil nok ikkje opphøra etter ei eventuell utbygging etter slik ho er skissert i søknaden, men utbygginga med reduksjon av fossen vil forringa opplevinga av å vera i vill natur. Det som eg ser på som det positive ved ei eventuell utbygging er aukt inntektsgrunnlag for dei lokale grunneigerane. Dette er viktig, men eg syns ordføraren i Sunndal, Ståle Refstie seier det godt. Sitat frå Aura Avis 05.06.14: »Småkraft handler om næringsutvikling og verdiskaping for lokale grunneigere... Vi snakker om vassdrag som betyr mye i nærmiljøet til folk, med kulturhistorisk verdi. I slike tilfeller går hensynet til allmennheten foran hensynet til grunneierne»

Eg ber med dette som nær nabo til Hareima difor om at søknaden om utbygging av Hareima kraftverk blir avslått. Viser også til felles oppropet 'La Skorga, Fossa og Hareima renne fritt'.

Mvh,
Ingunn Thorland,
nabo av ville vakre Hareima